


Olav Stedje for tredje gongen i Dønhaugkjedlaren

15.01.2009



Olav Stedje i Dønhaugkjedlaren ved eit tidlegare høve. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 24. januar vert det gjenhøyrt med Olav Stedje i Dønhaugkjedlaren. Dette vert tredje gongen kjedlaren har vitjing av denne folkekjære artisten, Vertskapet er stolt over at han har valgt å leggja turen til oss nokre dagar etter "sleppet" av sitt siste album "I LEVANDE LIVE".

Til tross for at han har vore ein turnerande artist i snart 30 år, har han berre gjeve ut 10 studioalbum i løpet av alle desse åra. Men har i denne veka kome med med sitt fyrste konsertalbum, sjølvsagt med tittelen "**I LEVANDE LIVE**". Albumet er teke opp "live" med publikum i NRKs studio. Stemninga er god, lyden likeeins.. Og Olav si stemme – den er framleis like klokkeklar. Låtane på dette albumet er sjølvsagt henta både frå tidlegare utgivelsar – frå "Vi vandrar saman" og "Svart rose" til nyare låtar som "Kaldt vatn" og "Ein blå sko".

Olav Stedje har fått både spelemannspris og heile 6 sølvplater for platene sine, og er blitt ein av våre folkekjære artistar. No i haust blei han tildelt **Medaas-prisen**. I grunngjevinga for prisen vart det lagt vekt på at Stedje, til liks med Ivar Medaas, legg vekt på å få fram den lokale dialekta si i tekstane og musikken han formidlar.

Dei to føregåande gongene Olav Stedje har vitja Dønhaugkjedlaren har han samla "fullt hus" (og vel så det), difor tilrår vertskapet på Dønhaug at dei som ynskjer å oppleva han denne laurdagskvelden reserverar plass på førehand.

Av Magne Huglen